



Jelena Gorbunova  
Sæbøvegen 143  
5938 Sæbøvågen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10332 - 22/31881

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
26.04.2022

## Driveplikt og drift av eigendomen GBNR 482/7 på Storheim

Alver kommune har fått melding om at jordbruksarealet på bruket ditt ikkje har vorte slått eller beita, og me er bedd om å vurdere dette i høve til reglane om driveplikt.

Føremålet til reglane om driveplikt er at dyrka jord og kulturlandskap, som er ein viktig ressurs for samfunnet, må haldast i hevd. Kommunen har ansvar for å føra tilsyn med at reglane om driveplikt vert følgt.

Drivepliktsreglane er heimla i § 8. i jordlova som har fylgjande tekst. Jordbruksareal skal drivast. Driveplikta gjeld for heile eigartida. Ny eigar må innan eitt år ta stilling til om han eller ho vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet etter føresegnene i andre ledd.

### **Driveplikta kan oppfyllest ved at arealet vert leigd bort.**

Det er ein føresetnad for at driveplikta er oppfylt ved bortleige at leigeavtala er på minst 10 år om gongen utan høve for eigaren til å seie ho opp. Avtala må føre til driftsmessig gode løysingar og vere skriftleg. Avtaler som fører til driftsmessig uheldige løysingar, kan følgjast opp som brot på driveplikta. **Eigaren må sende kopi av avtala til kommunen.** Ei leigeavtale som er i strid med andre eller tredje punktum, kan ikkje gjerast gjeldande mellom partane eller i høve til offentlege styresmakter.

Finn departementet at jordbruksareal ikkje vert drive, kan eigaren påleggjast å leiga jorda bort for ei tid av inntil 10 år, eller at jorda skal plantast til med skog, eller tiltak av omsyn til kulturlandskapet. Meir informasjon om dette regelverket finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/eiendom/driveplikt#hvor-er-det-driveplikt->

Kommunen ynskjer tilbakemelding frå deg på korleis jordbruksarealet på garden din vert drive, eventuelt om du har leigd vekk jorda. Dersom jorda er vekk leigd ber me om at du sender inn kopi av leigeavtale. Dette for å kunna vurdere om du har oppfylt kravet om driveplikt. Me ber om skriftleg tilbakemelding innan 16.07.2022.


I Nibio gardskart er eiegdomen registrert med fylgjande jordbruksareal:



Arealfordeling		Arealfordeling på teignivå								
Matrikelnummer	Antall teiger	Fuldyrka jord	Overfatedyrka jord	Innmarksbele	Produktiv skog	Annet markslag	Bebygd, samf. vann, bre	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom	
Ei 4831-482/7 Areal i dekar										
4831-482/7	2	5,7		25,4	4,0	35,3	3,8	1,8	0,0	76,0
Sum	2	5,7		25,4	4,0	35,3	3,8	1,8	0,0	76,0

Landbrukseiendom 4631-482/7/0

Markslag (AR5) 7 klasser



0 20 40 60m

Målestokk 1:2500 ved A4 liggende utskrift



**Total (dekar):**

Type	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Annet markslag	Bebyggd, samf., vann, bre	Ikke kartlagt	Sum grunneiendom
Arealstatistikk og eiendom lagt til	2	5,7	25,4	4,0	35,3	3,8	1,8	0,0	76,0
Andre tilknyttede	2	0,0	0,0	3,3	0,7	0,0	0,4	0,0	4,4
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>5,7</b>	<b>25,4</b>	<b>7,3</b>	<b>36,0</b>	<b>3,8</b>	<b>2,2</b>	<b>0,0</b>	<b>80,4</b>

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgjevar Landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jelena Gorbunova  
Mihhail Dudtsenko

Sæbøvegen 143  
Sæbøvegen 143

5938 Sæbøvågen  
5938 Sæbøvågen